

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 71

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Selje

Emne: Gifteferdig ungdom

Bygdelag: Stadlandet

Oppskr. av: Olav Kr. P. Fure

Gard: Indre Fure

(adresse): Drage

G.nr. 48 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Nei, det var ikkje nokon regel.
 2. Heilt naturlegt.
 3. Ja.
 4. Ja.
 5. I mange tilfelle var det det.
 6. ja, i stor mon, men ellers alle som hadde stor middel å etterlate dei.
 7. Nei.
 8. Systerbyte eller syskinbyte, betydde, at t.d. "Lars gifte seg med Anne, og Annes bror med Lars si syster". Dei bytte syskin.
 9. Det var vel ikkje nokon avtale. Det var vel helst slik, at det eine paret som vart trulova, førde med seg at også dei andre vart kjende. Eg kjenner fleire slike "syskinbyte", også frå notida.
 10. Næraste skyldskap mellom ektefolk var "syskinborn" men ein rekna med at deira born vart undermåls, og veike.
 11. ?
 12. Ja, det hende ofte.
 13. Ja, sers i eldre tider.
 14. Ja, iblandt, men ikkje alle tider.
 15. Ukjendt.
 16. Ukjendt.
 17. Ja, det var helst fattigfolk, men og her kunne det verte familiestrid.
 18. Truleg var enkjene meir sjölvstendige, til å vraka og velja, men det hende og at dei tok kven dei kunne få, då ein mann var billigare enn ein dreng. Det er fortald om ei enkje, som hyrte "ein dreng som ho slapp å löne." Og det gikk godt. Dei vart gifte, (Kring 1900).
 19. Det kunne nok hende, at ein för såg på om gjenta hadde "bok".
 20. Der var ymse slike varsel, men eg minnest ikkje so mykje av dei. Det var serleg eit, som skulle vere "å lite på", og det var når ein kokte graut julekvelden, so skulle ein ta "grautatvora" (som ein brukte å stampa grauten med) og direkte ut or gryta, - gå baklengst ut stovedöra og rundt stovehuset tri gongen. Den fyrste ho då fekk sjå, vart ho gift med. (Den fyrste ho fekk sjå ute då med det samme.)
- 21-23. Er ukjende

Nattefriing.

- 24 - 46 Desse spurgsråla er for det meste ukjende og uråd å svare på. Til vanleg var husa före hundradårskifte sokalla røykstove, og ellers med berre eit brukande loft. På loftet låg so alle tenarar og undomen på garen, bae gutar og gjenter. Etter den tid eg minnest hadde gutar og gjenter kvar sine rom
- 47-52. Kan og vere vanskelikt å svare på.
51. För var det, etter det eg minnest fortald, at gjenta fekk "haudeplagg" eit hodetörklæ, som gave
53. Bjölleleik, förekjem enno, og som oftast når dei unge etter at trulovinga er kjend, fyrste gong bur under samme tak. Der vert brukt bötter, spann og ellers alt muligt til "musikkinstrument".
- 54-55. Det er vel ingen av delene som likar det, men dei lyt nok finne seg i det.
Det er ikkje alltid slik bjölning går for seg, det er serleg når guten eller gjenta har gått med "fleirey og det so ser ut for å verte ein endskap, at Der vert "bjöllo"
56. Det var vel helst når forlovelse frettest, at slik "bjölning" vart aktuelt.
57. Ukjend.
- 58-68. Ukjendt her det eg veit.
69. Det var vel mest truleg at det var dei unge s sjölve, som bestemte kven som skulle liggja i lag.
- 70-87. Ukjendt her, når undtatt dans. Dansing var det nok av og til, men ikkje so ofte. Det var vel skort på hövelige dansegolv.
- 88-89. Ja, serleg Jonsok og sundagskveldane. Om sumaren likeeins på børsanking.
- 90-94. Ukjendt.
- 95-127. Ukjendt.
128. So lengje eg kan minnast höyrde eg at " i år er det skotår, då kan gjentene fri sjölve." Andre stader var det berre 29 febr. som dei hadde lov til å fri.
129. Nei, eg kan ikkje seie eg kjenner slike tilfelle for som regel held folk dette löynt kva tid dei bar fram målemne i friarvegen.